



Kennet Innvær  
Heltveitvegen 35  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3675 - 17/5079

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
15.02.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 233/44 Eide indre

Kommunen stadfestar å ha motteke tilleggsdokumentasjon til dykkar søknad.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjennomføringsplan og ansvarsrettar er ikkje i samsvar med krav i byggesaksforskrifta, jf. § 9-2 krav om foretak. Av gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett går det fram at det er privatpersonar som erklærer ansvar. Dette er ikkje mogleg etter forskrifta. Unntaket er ved søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar. De må difor anten få på plass ansvarlig foretak for alle ansvarsrettar, eller så må tiltakshavar søke om ansvarsrett som sjølvbyggjar og syne til bruk av medhjelpar si utdanning/praksis. Det vil då verte tiltakshavar som står ansvarleg for desse ansvarsområda.

Vi ber om at det vert sendt inn revidert gjennomføringsplan og nye erklæringar om ansvarsrett der dette er naudsynt. Samstundes ber vi om at gjennomføringsplan også oppdaterast med organisasjonsnummer for alle foretak slik at det klart går fram kva foretak som påtek seg ansvar for tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Linda Smådal og Rune Myhr

Eidavegen 560

5993

OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Kennet Innvær

Heltveitvegen 35

5993

OSTEREIDET